

**Notat**Dato: 15.12.2014  
Arkivsak: 2014/13280-7  
Saksbehandlar: natrive

---

<b>Til:</b>	Opplærings- og helseutvalet, Fylkesutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

**Reinholdstenestene under ei eining med vikarpool**

Bakgrunnen for pågåande prosjekt er politisk vedtak i Opplærings- og helseutvalet 08.04.2014 (sak nr 20/2014) og i Fylkesutvalet 20.05.2014 som sak 102/2014. Vedtaket i fylkesutvalet har slik ordlyd:

*1. Ordninga med eksternt reinhald held fram ved Årstad vidaregåande skule. Når byggearbeida ved skulen er ferdige, vert det vurdert på nytt om skulen skal ha eige reinhald eller eksternt reinhald. Lokala til Bjørgvin vidaregåande skule skal i ein mellomfase nyttast til undervisning, og ordninga med eksternt reinhald vert difor vidareført inntil vidare.*

*2. Det vert starta eit arbeid med gjennomgang av organiseringa av reinholdstenestene med sikte på å få etablert reinholdstenestene i ei eiga fylkeskommunal eining, herunder òg vikarpool for reinholdarane.*

Opplæringsavdelinga har fått ansvaret for saka, og har sett ned ei prosjektgruppe som skal følgje opp vedtaket i fylkesutvalet.

Etter at prosjektarbeidet er avslutta våren 2015 vert politisk sak med tilrådd modell for organisering av reinholdstenestene som ei eining i Hordaland fylkeskommune lagt fram for politisk handsaming. Saka vert og drøfta med dei tillitsvalde og lagt fram for HAMU til orientering.

**Noverande situasjon**

Reinholdarane er i dag spreidde rundt og knytta til dei ulike lokasjonane der det vert utført reinhald; skular, tannhelseklinikkar og andre fylkeskommunale bygg. Løns- og personalansvar for reinholdarane ligg ute på dei ulike einingane. Eigedomssesksjonen har eit fagleg oppfølgingsansvar og gjennomfører opplæring og faglege samlingar 4 gonger i året. Denne oppfølginga er det spesialrådgjevar innan reinhald FDV (forvaltning, drift og vedlikehald) på eigedomssesksjonen som tek seg av. Eigedomssesksjonen tildeler investeringsmidlar som går til oppgradering av utstyr og maskiner for maskinelt reinhald ute på skular og andre bygg. Desse investeringane er med på å gi eit betre reinhald i bygningane. Budsjettet til innkjøp av maskiner og utstyr på skulane ligg på opplæring.

**Organisering av prosjektet**

Oppdragsgjevar for prosjektet er Svein L. Heggheim, fylkesdirektør opplæring. Han har sett ned følgjande styringsgruppe og prosjektgruppe:

Styringsgruppe:

Svein L. Heggheim, fylkesdirektør opplæring  
 Birte Haugen, seksjonsleiar prosjektansvarleg  
 Helge Haavardtun, eigedomssjef  
 Ingrid Kristine Holm Svendsen, fylkesdirektør organisasjon

Prosjektgruppe:

Gun May Haugland, personalavdelinga/Karstein Oen, personalavdelinga  
 Arnfinn Rekve, opplæringsavdelinga  
 Vibeke Iren Gindl, eigedomsseksjonen  
 Kjersti Kvaløy, HTV  
 Karl Viken, økonomiavdelinga  
 Natacha Vallebona Rivera, opplæringsavdelinga, prosjektkoordinator  
 Kjersti Kvaløy, HTV  
 Seksjonsleiar Birthe Haugen, opplæringsavdelinga er prosjektansvarleg.

**Prosjekt mål**

Prosjektgruppa skal gjennomføre politisk bestilling som er gjennomgang av reinhaldstenestene i HFK med sikte på å organisere reinhaldstenestene i ei eiga fylkeskommunal eining, og som ein del av arbeidet vurdere ein vikarpool for reinhaldarane. I løpet av våren 2015 vert sak med tilrådd løysing for organisering lagt fram for politisk handsaming.

Prosjektgruppa vil i arbeidet bruka ein del ønska effektmål knytt til det framtidige reinhaldet i HFK. Desse er lista opp under, og spelar inn på kva som vert tilrådd løysing for organisering av reinhaldet i ei eining.

Effektmåla er:

1. Ei økonomisk effektiv teneste
2. Fagleg utvikling av reinhaldsfunksjonen; t.d. fagbrev, kurs
3. God kvalitet, felles reinhaldsstandard og riktig utstyr
4. Fleire reinhaldarar i heiltidsstillingar, og med det redusere ufrivillig deltid
5. Fokus på reduksjon av sjukefråvær/auka nærvær
6. Eit samla fagmiljø: trivsel, fellesskap, nettverk
7. Bidra til å redusere tryggen for vedlikehald
8. Nøgde brukarar

**Avgrensing**

Prosjektet er avgrensa til å vurdere ulike moglege organisasjonsformer av reinhaldstenesta som ei eining i Hordaland fylkeskommune.

I tillegg er det ei avgrensing opp mot andre prosjekt som det vert arbeidd med i HFK, mellom anna pågåande prosjekt som omhandlar ufrivillig deltid. Å redusere ufrivillig deltid vert sett på som eit naturleg effektmål i prosjektarbeidet.

Aktuelle einingar i HFK som vert påverka av prosjektet, og ei framtidig samling av alt fylkeskommunalt reinhald i ei eining, er:

- Skyss
- Tannhelse
- Bybanen utvikling
- Bybanen AS
- Fylkesadministrasjonen
- Skulane

Tidsmessig er prosjektet avgrensa til og med fyrste halvår 2015.